

BOKN BYGDEBLAD

NR.10 - DES. 1988 ARG.3

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

STEINALDER- BUPLASS

FUNNEN VED HÅLANDSSJØEN

Arkeologisk museum i Stavanger har nyleg funne flintgjenstander som syner at det ligg ein åpen buplass frå eldre steinalder på det låge eidet sør for naustet ved Nordre Hålandssjøen. Funna er gjort i jordmassene etter ei ledningsgrøft.

Dette området er av kommunen regulert til framtidig industriområde, og det er planlagt kloakkledning og veg frå eit nytt bustadområde ved Hålandssjøen gjennom området.

Arkeologisk museum ber nå Bokn kommune om å revidera sitt syn på arealbruken i området, slik at ein kan løysa det problemet som nå er oppstått.

For teknisk etat/teknisk utval oppstår det med ein gong eit problem

med at ein påtenkt kloakkledning og veg frå eit nytt bustadområde ved Hålandssjøen er planlagt å gå gjennom området.

I ei sak til teknisk utval foreslår nå kommuneingeniøren at veg og kloakkledning vert lagd om, slik at dei går utanom området. Dette medfører igjen at det ikkje vert fall på kloakken frå den nederste husrekkja i det nye bustadområdet, og kommuneingeniøren foreslår at kloakken frå denne vert pumpa til hovedledninga. Dette vil kosta kr.90.000,- ekstra.

Steinalderbuplassen har sannsynlegvis ein utstrekning på ca. 25 x 10 meter, men kan også vera større.

Kulturlaget er dekkja av strand-sediment frå ei havstiging som fann stad for ca.5.000 år sidan.

Sjå kart side 3

God Jul
Godt
Nyttår

JULEHELING TIL BOKNAFOLKET

Ja så er året 1988 også snart til ende og jula står for døra. Ein kunne verta frista til å tru at åra er vortne kortare etter kvart. Men det er vel med meg som så mange andre at til eldre me vert til fortare går tida.

Eg har ofte lurt på om ungene har det slik no som då me var ungar, at det syntes så uendeleg langt fram til jul. Ja, eg trur det. Sjølv om forventningane kanskje var større for 40-50 år sidan om kva som var i pakken under juletreet, så trur eg ungene stort sett er like på det området fortsatt.

Men er det nokon som har råd til å kjøpa julegåver i desse harde tider da? Med så mykje elendighet som er no med konkursar - tvangsauksjonar - oppseiingar - permitteringar og nedskjæringar både her og der. Det er vel lite sansynleg at det vil verta synbart mindre pakkar under treet. Skulle det vera nokon som må velja ei rimelegare gåva enn før, ja so gjer vel kanhende ikkje det så mykje. Det er tross alt omtanken bak gåva som er det viktigaste.

Når me dagleg vert minna om kor vanskelege dei økonomiske tilhøva er i det offentlege, er det kanskje mange som fryktar at dei kommunale tenestene vil reduserast også i vår kommune.

Etter at budsjettet for 1989 er lagt fram og har fått sin første gjennomgang, er eg glad for å kunna sei at det også neste år er lagt opp til same omfang som no.

Samstundes må det peikast på at ressursene er knappe slik at det er lite midlar til investeringsformål. Dette er sjølv sagt ein svakhet, særleg med tanke på at Bokn går nye tider i møte.

Dei fleste har vel i det siste høyrte om forsinka framdrift for veg og bruanlegga.

Årsaka til dette er to forhold. Det eine er at anleggskostnadene har auka med cirka 24 mill. kr., noko

som stort sett skuldast dyrare anleggskostnader på Ognøysund og Boknäsund bruene.

Det andre er at Staten har skore ned løyvingane til riksveganelegg med 15%, slik at vegsjefen ikkje kan fylgja opp med statsmidlar slik som forutsett.

Det me i det lengste må håpa på, er at det kan finnast løysing for å ferdigstillast Boknäsundbrua innan den oppsette framdriftsplan (juni 1990).

Det som framleis står fast er at Austre Bokn vert landfast til jul 1989.


Som sagt, det arbeidast med å finna moglege utveggar for å halda den opphavelege framdriftsplanen.

Me får setja vår lit til at "Det er von i hangande snøre".

Takk til alle som på kvar sin plass gjer sitt til å halda det kommunale maskineriet i gang.

God jul og godt Nyttår
til alle.

Helsing Leif




HÅLANDSSJØEN

○ steinalderboplass, antatt utstrekning

●●●●● forslag til grense for spesialområde/
fornminne, opprinnelig forslag

— absolutt minimumsgrense for spesialområd

ARKEOLOGISK MUSEUM I STAVANGER



SKUDENESHAVN NESTE STOPP FOR SVEIN VEA

HAR VORE I BOKN I 9 ÅR

Etter snart 9 år som rektor og skulesjef i Bokn er det ikkje heilt utan vemod at Svein Vea forlet Bokn ved slutten av 1988. Likevel - kontakten med Bokn - som han etter kvart føler meir og meir tilknytning til, vert ikkje heilt broten. I og med at han har kjøpt seg fritidshus på Vatnaland, vil truleg han og familien bli ein hyppig gjest i kommunen.

Før han kom til Bokn, hadde Svein Vea som mange andre lærarar, flytta litt på seg. Frå realskule i Kopervik til gymnas på Bryne, lærarskule i Stavanger og lærarjobbar i Romsdal, Karmøy, Stavanger og Masfjorden før han kom til Bokn. Innimellom dette vidareutdanning og militærtjeneste.

Svein Vea peikar på mange kvalitetar i Bokn som er vel verd å ta vare på, og nemner spesielt dei gode tilhøva for friluftsliv på land og sjø. Han nemner også skulen sin sentrale plass i kommunen, der han fungerer som eit kultur- og fritidssenter i tillegg til sjølve skulefunksjonen. Svein Vea meiner at skulen på ein plass som Bokn difor betyr alt for bygda, endå meir enn folk er klar over.

Sjølv nemner Svein Vea at det han først og fremst set pris på, er arbeidsplassen med det gode forholdet han føler han har til lærarar, andre kollegaer og kjende.

Svein Vea har vore ein pådrivar i musikkmiljøet i Bokn. Han tok m.a. initiativ til stiftinga av Bokn Brass. Også musikkskulen har opplevd ei vesentleg styrking i hans tid. Elles har han arbeidd målbevisst for ei vidare utbygging av barnehagen.

Også resten av familien Vea har vist att i Bokn, og særleg har kona Gunvor markert seg i kulturlivet.

Svein Vea tykte nå at han hadde vore så lenge i same stillinga at det kunne vera bra med ei forandring, enten som ei varig eller midlertidig ordning.

R. A.

OPEN SKULE; OGSÅ FOR FORELDRA

Dei tre siste timane måndag 7/11 og dei tre første timane tysdag 8/11 - inviterte skulen foreldra til å koma og sjå korleis det er å vera elev på Bokn skule. Mange foreldre møtte opp både måndagen og tysdagen. Litt "skulemat" fekk dei og. Administrasjonen laga vaffler og kaffi, og elevane i 4. og 6. klasse sto for vaffelsteiking og kaffiskjenking. Sume foreldre må nok ha likt skulen av i dag, for dei var å finna i landskapet begge dagane.

Frå skulen si side hadde ein ikkje lagt opp til noko spesielt desse to dagane. Meininga var at foreldra skulle få sjå to vanlege skuledagar. Me vonar mange fekk sjå korleis ein skuledag med arbeidsprogram artar seg, og at det går an at elevane i same klasse driv med ulike ting i same time.

Ein del av elevane, spesielt då i 5. klasse fann fort ut at både foreldra og andre kunne nyttast som hjelparar når dei fyrst var komne til skulen. Dei som stakk innom i denne klassen fekk ikkje berre sjå skulekvardagen, men måtte også setja seg ned med elevane og hjelpe til i dei ulike faga. Kanskje fekk dei og litt innsikt og røynsle i korleis det er å vera lærar ved Bokn Skule i dag.

Skulen håper i alle fall at foreldra fekk eit inntrykk av skulekvardagen vår - og kanskje kan dette vera noko me kan ta opp att med jamne mellomrom.

Med helsing
Bokn Skule

A.J.

HJORTEJAKTA

Det var i 1988 fellingsløyve på 13 hjort. Det er felt 12 som fordeler seg slik:

- 1 kronhjort
- 1 To- og -ein halv-åring
- 4 spissbukkar (fjoråringar)
- 3 kalvar
- 3 hodyr (kyr)

PUS FEKK LEVA

Etter det Bokn Bygdeblad kjenner til, var det berre i underkant av 10 kattar som strauk med i katta-
pesten som herja i Bokn først i november.

Frå kommunen si side såg ein ikkje så alvorleg på saka før folk vende seg til administrasjonen og ba om at ein organiserte masse-vaksiner-
ing av pus.

40 kattar vart påmelde til vaksi-
nering, og det var sikkert vel så
mange som møtte opp og fekk
sprøyte.

Uttrykket om at hunden er mennesk-
ets beste venn har vel herved
slått sprekker.



VAKSINASJONEN

Laurdag 12. november kunne me sjå ei underleg blanda forsamling på kaien i Føresvik. Den eine delen av forsamlinga var kjend frå før. Det var boknarar både frå Føresvik/Alvestad og lenger utover på øya. Den resterande delen av forsamlinga, kattane, var nok ikkje så kjende i Føresvik.

Det var som dei hadde ei aning om kva som skulle koma. Dei var mest like engstelege som ungane i timane før dei skal til helsesyster for å få sprøyte. Sume av kattane sat i fine bur og såg på kvarandre gjennom sprinklane. Dei andre kattane måtte tviholdast av matmor, slik at dei ikkje for sin veg. Ei tredje gruppe var godt innelukka i bilane medan dei venta på tur. Jamvel folk utan kattar vart verande på kaien, nyfikne på korleis det heile ville ende. Dei fekk sjå eigarar som tviheldt på kjeledyra

som grov og jamra seg og ville laus. Om bord og få sertifikat og sprøyta ville dei i alle fall ikkje. Dei brydde seg ikkje om diplom for vel utført bragd.

Då dei endeleg kom om bord i dyrlegebåten, var det slutt med å vera katt. Då var dei plutselig pasientar - mest som dei tilhørde same slekta som matmor. Dei vart med eitt verdfulle, mest som rasekattar å rekna, der dei kom sertifiserte i land att.

Ja, ja det var dyrlege på samleband ein skulle ha vore - då hadde ein gjort det godt her i livet. Me får retta ein takk til dei rette etatane i kommunen som fekk formidla både skriv og møtestad for den store kattevaksineringa på Bokn.

A.J.

LESARINNLEGG

Det er god plass til lesarinnlegg i Bokn Bygdeblad. Har du noko du er opptatt av, som du vil formidla vidare til lesarane, er du velkomen med eit innlegg, stort eller lite.

SJEFSBYTE I SR-BANK BOKN.

Banksjef Bertha Våge slutta i SR-bank Bokn frå 1.11.88, og Arne Hosaas vart tilsett i same stilling frå 8.11.88.

BRUTTOBUDSJETT PÅ 18.MILL.KR.

I BOKN

Bokn formannskap rår kommunestyret til å vedta eit bruttobudsjett på 18,26 mill. kr. for 1989.

Sjøl om det også er tronge tider for Bokn kommune, har ein kunna oppretthalda dei kommunale tenestene på dagens nivå utan å seia opp tilsette. Ei halv heimehjelpstilling er foreslått inndradd p.g.a. mindre behov etter opninga av sjukestova. Det er foreslått at vedkomande går inn i ei halv ledig stilling ved sjukestova som då ikkje vert utlyst.

Det er berre sett av ein knapp million kroner til investeringar neste år. P.g.a. stor lånegjeld vil ein ikkje ta opp nye lån til nyinvesteringar. Kommunen har ei gjeld på 10,1 mill. kroner, dvs. kr.13.500,- pr. innbyggjar.

RENOVASJON opp 50%

Bokn formannskap har ovafor kommunestyret rådd til at renovasjonsavgifta vert sett opp frå kr.615,- pr. år til kr.925,- pr. år i 1989. Innkludert moms vert då renovasjonsavgifta kr.1.110,- i 1989 dersom kommunestyret vedtek tilrådinga.

HUSLEIGE opp 15%

Husleiga vil gå opp med 15% frå 1. mai 1989 i kommunale bustader dersom kommunestyret godkjenner formannskapet si tilråding. Saka skal opp i "budsjettmøtet" den 16. desember i Bokn kommunestyre.

4% auke på diverse kommunale tenester neste år

Bokn formannskap har ovafor kommunestyret rådd til at ymse kommunale tenester får ein prisauke på 4% frå 1989. Dette gjeld m.a. musikkskulen, barnehagen og heimehjelp/husmorvikar.

KULTUR I BUK-KOMMUNANE

Den 21. november hadde fylkeskultursjefen kalla inn til fellesmøte for kommunane Kvitsøy, Utsira og Bokn i Haugesund. Føremålet med møtet var m.a. å drøfta BUK-kommunane sine spesielle problem, og få fram forslag på ting fylkeskommunen kan foreta seg for å styrka kulturarbeidet i desse kommunane.

Frå fylkeskommunen vart det orientert om statlege og fylkeskommunale stønadsordningar som tippemidlar, lokale kulturbygg, fritidsklubbar, fylkeskommunale investeringsmidlar og allmenne kulturføremål.

Det var også samtale og drøftingar om kva som kunne gjerast for å styrka kulturarbeidet i BUK-kommunane.

Her var det særleg tale om begrepet "kulturisme". Dvs. BUK-kommunane som reisemål kor ein kan tilby t.d. både friluftsliv og kulturformidling. Det var særleg på tale å kunna "aktivisera" kulturminner, slik at desse kan presenterast for turistar.

Frå Bokn møtte ordførar Leif Vatnaland, leiar i kulturstyret Sigrunn Hole Hosaas og sekr. i kulturstyret Reidar Alvestad.

Det er meininga at denne kontakten mellom BUK-kommunane og fylkeskultursjefen skal halda fram.


RA.

BOKN BYGDEMUSEUM

Formannen i styret for Bokn Bygdemuseum, Eivind Øvrebø - opplyser til Bokn Bygdeblad at 230 personar har vore innom museet i 1988.

Det er kome inn god tilvekst til museet i 1988. Svært mange fine ting er gitt til museet etter Ole Laupland.


Vidare har Håvard Hetland levert inn eldre gjenstander. Frå Ognøy (Olav Ognøy) er det også levert inn gjenstander, og Ernst Øvrebø har gitt deler av eit eldre hus som er sett opp i museet.



LESETIPS FOR DESEMBER

VAKSNE

- * Bjørnskog, Ellen Berit:
Kjærlighetsfolket
- * Johnsgaard, Magnar:
Edgars hus
- * Horgar, Fartein:
Bronseengelen
- * Lönn, Øystein:
Tom Rebers siste retrett
- * Hansen, Mette:
Det danser en gammel dame
på Sagene



< BIBLIOTEKET >



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰


TORS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TLF: 748500

NYE

BØKER FOR BARN OG UNGDOM

- * Sandberg, Liv:
Synne begynner på skolen
- * Midtgaard, Thora:
Dengang morfar skulle kjøpe
en apekatt
- * Brønne, Trond:
Petter og månen
- * Abrahamsen, Aase Foss:
Røde hjerter
- * Askelund, Björg:
Når jeg tenker på Afrika
- * Knutsen, Per:
Svart cayal
- * Ragde, Anne Birkefeldt:
Dumme Mamma



BIBLIOTEKET
YNSKJER DEG
EIN GOD JUL!

7
LES OG BLI GLAD!



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

KORKONSERT

Søndag 18. desember kl. 16.00 blir det julemusikk på skolen. Barnekoret og Blandakoret kommer til å framføre kjente og mindre kjente julesanger med eller uten instrumentledsagelse.

Foruten Blandakorets egen avdeling vil Barnekoret framføre julekantaten "JUL PÅ JORD".

Bokn Barnekor vil gjenta suksessen fra forrige jul, og du får høre juleevangeliet av kor, solister, en forteller og instrumenter!

Ta deg en tur på skolen denne søndagen. Du trenger å slappe av i julestria, og undertegnede tror ikke du kommer til å angre!

Hilsen Jardar

FOLKEDANS

Musikkskulen sitt tilbud om folkedanskurs vil halda fram etter nyttår. Også nye elevar kan begynna - både barn og vaksne.

Påmelding skjer ved fram møte.

Barn: onsd. 4. jan. kl. 17.15 - 18.30.

Ungdom/Vaksne: onsd. 4. jan. kl. 20.00
- 21.20.

Kurset går kvar onsdag.

LINDA JENSEN BIBLIOTEKSJEF I BOKN.

Linda Jensen er tilsett som biblioteksjef i Bokn frå 1.12.88 - 30.11.90.

Tilsetjinga er avgrensa til 2 år p. g.a. at det krevs bibliotekarutdanning for stillinga. Den tilsette får opplæring av Statens bibliotektilsyn i løpet av desse to åra.



SLUTTAR I KOMMUNEN

Eva Brunborg Svendsen har sagt opp stillinga si som sjukepleiar i Bokn kommune, og sluttar av i siste del av desember 1988.

Eva Brunborg Svendsen har hatt arbeid som sjukepleiar i Bokn frå 1982.

LITT INFO FRA IDRETTLAGET

FOTBALL:

B.I.L. stilte i år med 2 lag i serien, ett for menn i 8.divisjon og ett guttelag i 2.divisjon.

I 8.divisjon for menn ble resultatet:

1. Stangaland	12	kamper	28	poeng
2. Soma	11	"	26	"
3. Bokn	10	"	18	"
4. Tjensvoll	11	"	18	"
5. Utsira	11	"	9	"
6. Gosen	10	"	8	"
7. Foren	11	"	4	"

Frøyer og Kvalaberg ble på tampen av sesongen diskvalifisert p.g.a. uteblivelse fra kamper, pluss disiplinære årsaker for Kvalaberg. Auglend trakk seg fra serien. Vi gratulerer Bokn med en fin-fin tredje plass og håper på like stor innsatsvilje neste sesong.

I gutteklassen vant Skudenes. Bokn kom på siste plass. Det ble en litt amputert serie da både Vedavåg, Torvastad 2 og Haugar 2 trakk seg. Vi regner med at guttene kommer mye sterkere igjen neste sesong da de da stiller med flere spillere med maks alder. Innsatsvilje og godt humør var det hele sesongen, en fin gjeng.

ORIENTERING:

Det ble arrangert begynnerkurs i orientering som gikk over tre kvelder i begynnelsen av september. Kurset ble ledet av Lars Markhus fra Hervik I.L.. Fortsatte med en del treningsløp nord for skolen. Marit Markhus satte opp poster, laget kart og rettledet under veis. 21 barn og 7 voksne var med på

kurset. Ellers har det blitt lagt ut poster for turorientering i den sydøstlige delen av Vestre Bokn. En god del har allerede gått igjennom alle 15 postene.

Mange takk til Marit og Lars Markhus for en vel utført jobb med kurs og videreføring av dette.

Laget regner med å starte arbeidet med å lage orienteringskart over nordre del av Vestre Bokn til våren. Plankart over det aktuelle området er allerede sendt O-kretsen og O-forbundet for vurdering og kostnadsoverslag.

Håper flere blir med i denne sporten som passer for alle aldre, aktive og mosjonister. I turorientering kan man gå alene eller sammen med familie og venner, og man har et par måneder på seg før postene blir tatt ned. Hovedsaken er å komme seg ut i marka og prøve og orientere seg frem til de forskjellige postene med hjelp av kart og kompass.

Når det gjelder friidrett og barne- og ungdomsport har det dessverre ikke vært noen aktiviteter i år grunnet mangelen på ledere.

B.I.L. skal ha årsmøte i musikkrommet på skolen den 9. desember kl. 19.15.

Det blir valg av 2 nye styremedlemmer og varamedlemmer. Kandidater til styret blir forespurt på forhånd.

Heidi Sunde kommer og forteller oss om sine opplevelser/erfaringer som fotballdommer.

Hans



GUDSTENESTA vert avlyst søndag den 11. desember.

Solveig

LEGE I ROMJULA

I Romjula vert det lege kun fredag
den 30. desember frå kl. 8.30 - 12.00
for øyeblikkeleg hjelp.

HJARTE/KAR - UNDERSØKINGA

Det er ikkje kome resultat frå hjar-
te/kar-undersøkinga ennå.
Bokn Bygdeblad vil koma tilbake til
informasjon om undersøkinga i neste
nr.

TANNKLINIKKEN

Til ungdomspasientane våre.

Tirsdag 27. desember vert tannlege-
kontoret ope.
Ta kontakt snarast for timebestill-
ing, tlf. 74 85 00 eller 74 84 34.

LUCIAFEST

Skulekorpset har Luciafest søndag
den 11. desember kl. 18.30.
Andakt ved Gunnar Kartveit.

Juletreffest for barn

Tirsdag den 27. desember kl. 16.00
på Bokn skule.

Foreldrerådet

TIRSDAGSTREFFET

Tirsdagstreffet som Bokn sanitets-
forening har i Allrommet frå kl.
10.00 - 14.00 vil ha ope kvar tirs-
dag fram til jul, og ta til att den
3. januar 1989.

I romjula er det ikkje tirsdays-
treff.

-KOM SÅ BYGGER VI-



Se vår
huskatalog

70 SIDER MED HUS
OG INFORMASJON!

Kontakt vårt kontor -
kom gjerne innom -
så får du se tegninger
på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)

FAST
KONTORTID:

MAND. 10⁰⁰-14⁰⁰-17⁰⁰-19⁰⁰
FRED. 10⁰⁰-14⁰⁰-15³⁰-17³⁰

KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN
FOR AVTALER: TLF. 748501



UTVIK^A/_S

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111

75-årsjubileum i SR-BANK Bokn

Den 7. august 1988 var det 75 år sidan boknarane skaut inn tilsaman kr.2.300,- i grunnfond for å skipa Bokn Sparebank.

Frå ein beskjeden start i huset til Lars Sæbø med opningstid 2 timar om laurdagskvelden, har banken vore i stadig framgong og utvikling. I 1953 flytta banken inn i sitt første nybygg, og i 1987 var det klart for etablering i nye, sjølveigde og moderne lokale i Boknatun.

Banken har gjennom dei 75 åra vore ein viktig støtte i utviklinga av det lokale næringsliv og bustadreising i Bokn, og framstår i dag som ein

moderne bank med full opningstid og eit tenesteutval som dekkjer det meste innan moderne bankdrift.

Jubileet vart markert med ei tilstelling 25. nov. på Boknatun. Om lag 70 pensjonistar, tilsette og styre med ektefeller hadde ein fin kveld der vi friska opp att detaljer frå banken si utvikling gjennom desse 75 åra.

Bokn Barnekor og Bokn Musikkskule med Jardar og Venevil i spissen bidrog med musikalske innslag som gleda oss framåt.

Arne Hosaas

Aksjesparing med skattefradrag

Viktig å vite om aksjesparing

1. Fradraget kommer i tillegg til vanlig bank-sparing med skattefradrag.
2. Du er ikke bundet til å spare samme sum hvert år.
3. Aksjefondsandeler og ev. utbytte beskattes som aksjer.
4. Du oppnår skattefradraget ved å binde midlene i 4 år + tegningsåret.
5. Det er Stortinget som hvert år fastsetter reglene for AMS.

Spør i din lokale sparebank, vi kan gje råd og rettleiing om AMS.

SR-BANK Bokn

SR-BANK Bokn

JUBILEUMSKONKURRANSE

Set ring rundt riktig svaralternativ.

1. Når vart banken stifta?
 - a. 25. nov. 1913
 - b. 17. aug. 1918
 - c. 07. aug. 1913

2. Når vart Bokn kommune skilt frå Skudenes?
 - a. 1830
 - b. 1850
 - c. 1898

3. Kva kosta kvar grunnfondsandel når banken vart stifta?
 - a. kr. 100,-
 - b. kr. 50,-
 - c. kr. 25,-

4. Kven var første formann i forstandarskapen?
 - a. G. Trahaug
 - b. G. Dybing
 - c. Elisæus Vatnaland

5. Kven var formann i styret under 50-årsjubileet?
 - a. J. Thorland
 - b. Monrad Alvestad
 - c. Peder Alvestad

6. Kvar var det første banklokalet?
 - a. Hos Lars Sæbe
 - b. Hos Peder Alvestad
 - c. Hos Peder Elligsen

7. Kva årstal flytta banken inn i egne lokaler for første gong?
 - a. 1953
 - b. 1955
 - c. 1948

8. Kva årstal flytta banken inn i Boknatun?
 - a. 1986
 - b. 1987
 - c. 1988

navn_____

Klipp ut og lever inn eller send til banken innan 20 des.
Kanskje vert du den som får ein ekstra hard pakke med noko
godt inni under juletreet dette året.

1



Ta ditt ansvar
for egen helse



FOR GOD HELSE

2



Bevak kroppen
din

3



Stump
røyken

4



Maten
er halve helsen

5



Sov nok

6



Stress med
vetk

7



Hold fred med
dine nærmeste

8



Unngå ulykker

9



Vis respekt
for alkohol

10



Brük ikke pille
for alt som er ille

Sankta Lucia



Skikken med *Lussibrud* kommer fra Tyskland. Lussibruden var en pike med tente lys i en krone på hodet. Denne lyskronen skulle minne om helgenglorien til den hellige Lucia. Først på 1900-tallet begynte Lucia-feiringen å få den form vi kjenner i dag. Disse skikkene stammer fra Sverige. Lussibruden, som helst skulle være hvitkledd, kom med lyskrone på hodet og kaffe og kaker («lussekatter») om morgenen den 13. desember. Da en avis, Stockholmstidningen, i 1927 begynte å kåre en Lucia, ble skikken mer spredt. Luciabruden er gjerne fulgt av terner og stjernegutter. De synger om Sankta Lucia, men også andre sanger slik som Betlehems stjerne, Stjerneguttsangen og Staffansvisen. Den siste hører fra gammelt av hjemme på annen juledag. På neste side finner du en gammel svensk Luciasang.

Noen steder i Norden var det skikk at en pike kunne spørre Lucia om hvem hun skulle få til ektemann. På Luciadagen måtte hun stille seg foran et speil med et lys i hver hånd og si:

Lucia, du klare,
si, vil du meg svare:
Hvis duk skal jeg breie,
hvis seng skal jeg reie,

hvem skal bli min kjære,
hvis barn skal jeg bære,
hvis arm skal jeg sove i?

Hadde hun gjort det riktig, fikk hun se den
hun kom til å gifte seg med i speilet.

Svart senker natten seg
i stall og stuer.
Solen har gått sin vei.
Skyggene truer.
Inn i vårt mørke hus
stiger med tente lys
Sankta Lucia, Sankta Lucia!

Natten er mørk og stum.
Med ett det suser
i alle tyste rom
som vinger bruser.
Se på vår terskel står
hvitkledd med lys i hår
Sankta Lucia, Sankta Lucia!

KJØP/SAL/BYTE

Har du noko du vil selja, kjøpa
eller byta?

Prøv ein annonse i
BOKN BYGDEBLAD!

LEDIG STILLING

AVLØYSAR I JORDBRUK

Er du interessert i avløysarjobb,
så kan du henvenda deg til Bokn av-
løysarlag, tlf.74 84 24.

Sigmund Alvestad

SJØEIENDOM ØNSKES KJØPT

Eiendom til sjøen med mulighet til
å fortøye en 35-40' båt ønskes
kjøpt i Bokn.

Henv. næringskonsulenten,
tlf.748500 på tirsdager
mell. kl.09.00-15.00.

KRANSER OG KORS AV REINMOSE

PYNTET MED KONGLER, GRANBAR OG
BLOMSTER.

Salget starter i nov./des., men
bestill gjerne så du er sikker
på å få

BOKN & TYSVÆR BEGRAVELSESBYRA
John Magne Lie
tlf.04-748554
mobiltlf. 090-41010

ALROBA a.s *kiosk-video*

Velkommen til trivelig julehandel.
Mange fine gavepakninger for
store og små.

Smykkesett

Cutex høst/vinter collection

Skomakergatas julekalender

Nye videofilmer

Jonne og Hilde

NB! NY BYTTEDAG AV VIDEOFILMER
20. DESEMBER.

"KROKALOFTET"

Helse-
hud- og
solpleie



Julegavetips til dem som har alt
- bestill time til en behandling -
tilbudspriser på alle behandlingene
fra nå og frem til januar.

Timebestilling på tlf. 74 83 24.

GOD JUL til alle gamle og
nye kunder!

Hilsen fra May Elisabeth

ARRANGEMENT

- 9.des:Årsmøte,Bokn-idrettslag
kl.19.15,musikkrommet.
- 11.des:Lucia-fest,
Arr.:Bokn skulekorps.
- 16.des:Adventfest for eldre-
Boknatun/Allrommet.
Arr.:Bokn Sanitetsfor.
- 18.des:Konsert/musikkskulen.
- 27.des:Juletefest,kl.16.00.
Arr.:Foreldrerådet.
- 28.des:Juletefest kl.19.00.
Arr.:Frelsesarmeen.
- 30.des:Fiskarlaget har fest.
- 17.jan:Kino, Bokn skole
- 25.jan:Årsmøte-skulekorpset

AUSTRE BOKN

- 22.des:Juletefest,kl.18.00.
Arr.:Søndagsskulen/
A.Bokn gutte/jenteklubb.
- 28.des:Bedehusfest,kl.19.00.
- 30.des.Juletefest,kl.19.00.
Arr.:Frelsesarmeen.

DISKOTEKET

- 17.des.,23 eller 26.des.,31.des.
2 ganger i januar.

BYGDEBLADNEMNDA

HAR HATT SITT FØRSTE MØTE.

Medlemer er Arvid Jøsang,Liv Vatnaland og Ingunn Våge.I tillegg møter Reidar Alvestad.

Nemnda diskuterte korleis ein skulle få til eit betre bygdeblad, og det kom framlegg om fleire utspel for å få bladet meir interessant og av bet-

DAG HALVORSEN

FRA TYSVÆR ER INNSTILT SOM NR.1
TIL SKULESJEFSTILLINGA

Ny skulesjef i Bokn skal tilsetjast i kommunestyret den 16.desember.

Dag Halvorsen,Tysvær er innstilt som nr.1. Det er kome inn 7 søknader til den ledige skulesjefstillinga i Bokn.

Tre søkjarar har vore innkalla til intervju i kommunen. Det er Dag Halvorsen,Tysvær, Gunn Opsahl Weeden,Kvitsøy og Lars Markhus,Vindafjord.

Bokn skulestyre og administrasjonsutval/formannskap har gjort slik innstilling ovafor kommunestyret:

1. Dag Halvorsen, Tysvær
1. varamann Gunn Opsahl Weeden, Kvitsøy
2. varamann Lars Markhus, Tysvær

Bokn kommunestyre skal tilsetja skulesjef den 16.desember.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 9. januar.
Påmelding til sosialkontoret
tlf. 74 85 00.

re kvalitet.M.a. bør skulen få meir plass,ein vil oppfordra lærarane til meir leserrinnlegg,det må kome meir stoff om lokal kunst,lag og organisasjonar må meir fram i lyset,og dei politiske partia bør alle få spalteplass for å presentera det dei arbeider med.Dette er noko av det bygdebladnemnda vil arbeida for.